

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.05.2017

På spørsmål frå **John Torgeir Torsvik (H)** i samband med RS 30/17 «Melding om fylkesadministrasjonen sitt arbeid med plan for etablering av bussjåførfasilitetar», opplyste direktøren for Skysst at det vil verte lagt fram politisk sak i junimøtet.

I samband med RS 33/17 «Klager på sanntidsinformasjonssystemet» etterlyste **Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** svar på spørsmålet om kor mange feil sanntidssystemet har i ein gitt periode. Administrasjonen vil kome tilbake til dette.

I samband med RS 31/17 «Nye rammevilkår for cruisetrafikken og andre på verdsarvfjordane - uttale frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap» spurde **Marthe Hammer (SV)** om kva for handlingsrom Hordaland fylkeskommune har. Klima- og naturressurssjefen opplyste at fylkeskommunen ikkje har myndigheit / forvaltningsansvar på feltet.

I samband med RS 29/17 «Synspunkt frå Hordaland fylkeskommune til Meld St. 33 (2016-17) Nasjonal transportplan 2018-29» stilte **Svein Halleraker (H)** seg kritisk til fylkesordføraren sitt notat til høringsmøtet om stortingsmeldinga. Fleire representantar hadde ordet under debatten.

I samband med RS 37/17 «Status for etablering av Sørvest Bomvegselskap AS og kjøp av BT Signaal AS» etterspurde **Gustav Bahus (Frp)** ferskare informasjon enn det som kjem fram i notatet. Administrasjonen vil leggje fram oppdatert status i neste møte.